

Overordna samarbeidsavtale mellom KnarvikMila og Lindås kommune 2016 – 2019.

1. Partar

Avtalen gjeld mellom Lindås kommune med alle einingar og underavdelingar og KnarvikMila med alle underavdelingar og aktivitetsgrupper.

2. Bakgrunn

KnarvikMila blei arrangert første gang i 1982. Arrangementet har vakse seg stort, og har eitt breitt utval aktivitetar gjennom ei heil veke. På programmet står både løp, konferansar og kulturarrangement for menneske med ulik alder og funksjonsevne. Meir enn 500 frivillige er involvert i gjennomføringa og i 2013 var det meir enn 6000 påmelde. Lindås kommune er vertskommune for arrangementet. Kommunen er opptatt av å skape trivsel og gode oppvekstvilkår for innbyggjarane. I den overordna kommuneplanen er det eit eige kapittel som tar for seg korleis kommunen skal bidra for å betre folkehelsa. Mellom anna står det at kommunen skal: «Bidra til at befolkninga skal vera aktive og lengst mogleg meistre eige liv». KnarvikMila er ein svært viktig samarbeidspartnar i kommunen sitt folkehelsearbeid.

3. Føremål

Avtalen skal gi overordna føringar for samarbeidsformer og samarbeidsstruktur mellom partane. Avtalen skal tydeleggjere oppgåve- og ansvarsdelinga mellom KnarvikMila som arrangør og Lindås kommune som vert for arrangementa og etablere gode arenaer og rutinar for samhandling både i forkant, under og etter arrangementa. Avtalen skal og gje klare føringar for det økonomiske samarbeidet mellom partane.

4. Verknadsområde

KnarvikMila og Lindås kommune samarbeider på ei rekkje område. Målet er at avtalen (med vedlegg), skal regulere mest mogleg av dette.

5. Samarbeidsstruktur og samarbeidsformer

- Samarbeidet skal vere prega av ei løysningsorientert tilnærming, tufta på grunnleggande respekt for dei ulike rollane partane har.
- Begge partar skal arbeide for ein god omdømmebygging av arrangementet og partane sitt folkehelsearbeid.

- Vedlagt årshjul med møteplan (vedlegg 1), er mal for møteplan mellom partane. Partane skal i god tid ta opp relevante utfordringar knytt til samarbeidsavtalen jamfør møteplan.
- For Lindås kommune er kultursjef hovudkontaktpunkt for alle spørsmål og innspel. Driftskoordinator for idrettsanlegga vil vera kontaktpunkt for alle spørsmål knytt til sjølve arrangementa. For alle spørsmål knytt utvikling / rehabilitering av idrettsanlegget er eigedomssjef kontaktperson.
- Dagleg leiar ved KnarvikMila er kontaktpunkt for alle spørsmål knytt til KnarvikMila.
- Vedlagt avtale som skildrar alle praktiske gjeremål i forkant, under og etter arrangementet skal bli årleg evaluert og oppdatert.
- Det er eit mål at det i løpet av avtaleperioden blir utarbeidd ein eigen avtale om bruk av kontor, lager og idrettsanlegg.

6. Økonomi

- Lindås kommune bidrar årleg med følgjande til KnarvikMila:
 - Stønad - driftstilskot på kr 150.000,- (avgiftsfritt)
 - Sponsortilskot kr. 50.000,- eks. MVA for profileringstenester knytta opp i denne avtale (vedlegg 3)
 - Stønad - driftstilskot kr. 50.000 (avgiftsfritt) til KnarvikMila for drift av aktivitetssløypa «Brekkeløypa» i Knarvik.
 - Stønad – tilskot kr. 10.000 for at KnarvikMila organisere busstransport for deltakare på ungdomsløpet, frå skulene i Lindås kommune.

Tilskota vert indeksregulert årleg etter konsumprisindeksen. Kommunen bidrar i tillegg med bemanning ved arrangementa, jamfør vedlagt avtale (vedlegg 2). Avtalen tek sikte på å gje begge partar påreknelige økonomiske rammer for avtaleperioden. Andre tilskotsordningar for KnarvikMila i avtale perioden vil difor ikkje bli vurdert av kommunen.

7. Marknadsføring og omdømebygging

Begge partar pliktar å synleggjera kvarandre og bidra til positiv omtale. KnarvikMila skal vere ein strategisk del av kommunen sitt omdømmearbeid. Omtale av KnarvikMila skal ha ein fast plass på heimesida til kommunen. På same måte skal logoen og ei lenke til heimesida til kommunen, vere sentralt plassert på heimesida til KnarvikMila. Partane skal i god tid før KnarvikMila lage ein felles informasjonsplan, for å koordinere alle informasjonstiltak. Frå Lindås kommune skal kultursjef og informasjonsrådgjevar delta på dette

møtet. Kommunen får annonseplass og anna omtale jamfør vedlagt oversikt (vedlegg 3).

8. Folkehelse

KnarvikMila bidrar med tiltak for å betre folkehelsa til innbyggjarar og tilsette i Lindås kommune gjennom heile året.

- Lindås kommune sine tilsette deltek gratis i treningsgruppa «Lettare til fots» - 2 treningar i veka
- Treningsprogram vert utarbeidd for «Lettare til fots» gruppa
- Lindås kommune sine tilsette kan vederlagsfritt delta på «Lettare til fots» sine seminar
- Lindås kommune skal bidra i marknadsføringa av «Lettare til fots prosjektet» ved intern informasjon til dei tilsette.
- Lindås kommune skal ha som målsetjing å delta på KnarvikMila

9. Handtering av avvik

Ved endring og upårekna hendingar brukar begge partar tenesteveg og tar snarast kontakt via kontaktpunkt skildra under punkt 5.

10. Handtering av usemje

Ved usemje blir dette tatt opp på møtepunkta satt opp i vedlagt årshjul/ møteplan. Ved akutte sakar nyttar ein kontaktpunkta skildra i punkt 5.

11. Varighet

Avtalen gjeld til og med KnarvikMila 2019. Partane evaluerer då avtalen og blir einige om korleis den skal vidareførast. Vedlegg 1, 2 og 3 blir evaluert og revidert ein gong i året.

12. Tvist

Eventuelle tvistar eller usemje vedkommande avtalen, skal ein prøva å løysa til beste for begge partar. Partane skal lojalt og etter beste evne bidra til løysing ved forhandlingar. Dersom ein ikkje kjem fram til løysing i minnelegheit innan 30 dagar etter ein av partane har kravd forhandlingar jfr. Avsnittet over, skal tvisten i første omgang avgjerast ved voldsgift der partane utnemner 2 representantar kvar.

Dato: 9/2-2016


KnarvikMila

Dato: 9/2-16


Lindås kommune

Vedlegg :

- 1) Årshjul med møteplan.
- 2) Avtale som skildrar alle praktiske gjeremål i forkant, under og etter arrangementet.
- 3) Eigen avtale knytt til marknadsføring og omdømebygging.

Handwritten text, possibly a list or notes, located in the upper right quadrant of the page.

